


KVEN: Davor Vidas, Ole Kristian Fauchald, Morten Walløe Tvedt og Øystein Jensen, alle juristar og forskarar ved Fridtjof Nansens Institutt

KVA: kartleggje korleis internasjonal rett må endrast for å ta høgde for at mennesket no er drivkrafta for livsmiljøet på jorda

KORLEIS: analysere internasjonal hav-, miljø- og genressurslovgeving og identifisere delane som er viktigast å oppdatere

TEKST: KJERSTIN GJENGEDAL FOTO: ERIK NORRUD

Vi som beveger verda



PROSJEKT: International Law for an Anthropocene Epoch? Shifting Perspectives in the Law of the Sea, Environmental Law and Genetic Resources Law. **INSTITUSJON:** Fridtjof Nansens Institutt. **FAGRETNING:** Internasjonal rett. **FINANSIERING:** Noregs forskingsråd og Fridtjof Nansens Institutt, 4,5 millionar kroner over fire år (2011–2014). **UUNNVERLEGE VERKTØY:** Kompetanseutveksling og evne til å sjå på eigen disiplin med nye auge. **PUBLISERINGSFORM:** Vitskaplege artiklar, bokkapittel, førelesingar, konferansar. **NY KUNNSKAP:** Internasjonal rett er dårleg tilpassa ein ny geologisk epoke. Heilt grunnleggjande spørsmål må stillast på nytt for å rette på dette.

Kva for ein geologisk epoke lever vi i no? Dette tilsynelatande trivielle spørsmålet er for tida under heftig debatt ute i dei vitskaplege kulisane. Ifølgje den offisielle geologiske tidsskalaen lever vi i epoken holocen, som starta då isen sist trekte seg attende for vel 11 000 år sidan. Men kanskje lyt vi snart lære oss namnet på eit nytt avsnitt på den geologiske tidsskalaen: den menneskeskapte epoken, antropocen.

Juridisk nybrotsarbeid

Dersom det blir semje i det internasjonale fagmiljøet om at vi er inne i antropocen, kan vi då halde fram med å organisere samfunnet på den måten vi er vande med? Davor Vidas trur ikkje det. Som internasjonal jurist med havrett som spessiale spissa han øyro då han første gongen støyte på omgrepet antropocen. Han byrja straks å fundere på kva dette kunne få å seie for internasjonal rett.

– Linken mellom antropocen og internasjonal rett er berre så vidt etablert, og eg trur forskingsprosjektet vårt er det første som tek utgangspunkt i den samanhengen. Difor er prosjektet først og fremst teoretisk. Det handlar om å byggje ekspertise og sette oss i stand til å gå laus på viktige problemstillingar som gjeld rammeverket for internasjonal rett, seier han.

Geologiske epokar blir bestemte på bakgrunn av geologisk lagdeling. Prosessane som endrar jordskorpa, er så tøffe at berre dei største og mest brutale hendingane kan leggje att gjenkjennelege spor: asteroidenedslag, kjempemessige vulkanutbrot, brå endringar i den kjemiske samansetninga av atmosfæren. Slike hendingar har stått bak dei fem kjende store omkalfatringane av livsmiljøet på jorda, med tilhøyrande masseutryddingar av artar. No er altså spørsmålet om mennesket er i ferd med å framkalle den sjette.



Nansen si ånd heng att i huset på Polhøgda, der Davor Vidas og dei andre forskarane ved Fridtjof Nansens Institutt held til.

Kva finn framtidigeologane?

Det er opp til to internasjonale organ, International Commission on Stratigraphy og International Union of Geological Sciences, å erklære ein ny geologisk epoke for opna. Dei har nokre kriterium å gå ut ifrå, men utfordringa er at ingen nokosinne har bestemt ein geologisk epoke medan vi er midt oppe i han. Spora ein vanlegvis ser etter, er enno ikkje nedfelte i det geologiske arkivet. Difor blir oppgåva å tenkje seg kva framtidigeologar kan finne av spor når dei analyserer den delen av jordskorpa som blir forma no. Det er slett ikkje sikkert at det er dei mest synlege delane av menneskeleg aktivitet, byane og infrastrukturen vår, som vil etterlate dei tydelegaste spora. Slutta vi å bygge i dag, ville byane vere reduserte til småstein om berre eit par tusen år.

Sannsynlegvis vil det vere heilt andre og mindre synlege prosessar som vil stå skrivne

i steinen. Kanskje vil framtidigeologane sjå at det brått blir slutt på fossile korallar og andre marine organismar som lagar seg kalkskal. Forsuringa av havet, som følgjer av at atmosfæren endrar samansetning, har allereie gjort livet vanskeleg for slike organismar. Funn av pollenrestar kan vise korleis skogar forsvann, og korleis monokulturar tok over for det biologiske mangfaldet som fanst før det industrielle jordbruket tok til. Og ikkje minst kan geologien avsløre korleis tallause artar vart utrydda, medan andre brått vart spreidde til nye område i eit tempo ein aldri før har sett på jorda, både med vitande og vilje, og som blindpassasjerar med ballastvatn og varetransport.

Påverkar internasjonal rett

– Det som først og fremst har kjenneteikna holocen-epoken, er stabilitet. Stabile tilhøve



Davor Vidas (t.v.), Ole Kristian Fauchald og kollegaene ved Fridtjof Nansens Institutt forskar innanfor interessefeltet til Nansen.

har gjort utviklinga av sivilisasjonen mogleg, seier Vidas.

– Og internasjonal rett, der ideen om staten står sentralt, er bygd opp kring ein føresetnad om at slikt som geografi og klima alltid vil vere som det har vore. Men no er vi på veg inn i ei tid som snarare vil vere kjenneteikna av ustabilitet. Vi kan få bråe endringar i tidlegare stabile rammetilhøve. Difor er det viktig å byrje å tenkje på korleis internasjonal rett skal tilpasse seg slike endringar, no før endringane har skjedd.

Han meiner havretten er den logiske staden å byrje. Havretten omhandlar rettar og ansvar knytte til definerte geografiske grenser som kystline, territorialfarvatn, økonomisk sone og kontinentalsokkel. Alle desse definisjonane kan måtte reviderast i lys av mennesket si evne til å endre naturen. Ein må også tenkje nytt om aktivitetar i internasjonalt farvatn, som vi til for ikkje lenge sidan trudde var utømeleg og heva over menneskeleg påverknad, men som vi no veit er sårbart og har klare naturlege grenser for utnytting.

– Geologien har drive havretten sidan andre verdskrigen når det gjeld rettar til kontinentalsokkelen. Geologiske funn leidde til at statar gjorde krav på rettshandheving og suverenitet innanfor visse område. No kan geologien bli ei drivande kraft på ein heilt annan måte, ikkje når det gjeld rett til ressursar, men når det gjeld korleis vi skal regulere tilhøvet mellom oss sjølve og resten av planeten jorda, i lys av kunnskapen om kor tett alt heng i hop, seier han.

Kan misse territorium

Internasjonal rett regulerer tilhøvet mellom statar, og ein sentral del av definisjonen på ein stat er at han har eit definert territorium. Men med den forventa stiging i havnivået som ligg

framfor oss, vil mange statar måtte sjå på at territoriet deira blir dramatisk endra. Nokre, som dei små øystatane i Stillehavet, kan misse heile territoriet sitt. Vidas ramsar opp ei rekkje spørsmål som vil følgje av ein slik situasjon:

– Dersom desse øystatane blir ståande under vatn, er dei då framleis statar? Har dei framleis rett til å kontrollere farvatnet ikring? Kva om jordbruk blir umogleg og heile befolkninga må flytte; flytter dei då som ein nasjon, eller som individ? Kva rettar har dei? Dagens flyktninglover har ikkje noko svar på dette, og menneskerettane er heller ikkje utvikla på dette punktet.

Kanskje lyt internasjonal rett, for å handtere slike saker, måtte prioritere menneskerettar framfor statane sine rettar. Det er eitt av dei fundamentale spørsmåla Vidas på sikt ønskjer å sjå nærare på.

– Desse viser at spørsmålet om antropocen ikkje er avgrensa til å handle om miljø og geologi, det går snarare rett inn i dei grunnleggjande problemstillingane som internasjonal rett handlar om, hevdar han.

Antropocen-ordet som tankevekkar

Altså er dette ikkje berre første gongen ein geologisk tidsalder skal kartleggjast medan ein er inne i han, det er også første gongen ein geologisk tidsalder inkluderer samfunnsmessige og juridiske aspekt. Prosjektet Vidas leier, er tenkt som eit første steg på vegen mot å gjere rettsvitskapen robust nok til å handtere desse aspekta. I tillegg har International Law Association nyleg teke utfordringa ved å opprette ein komité for internasjonal rett og havnivåstiging, som Vidas leier.

Omgrepet antropocen vart introdusert for vel ti år sidan av nobelprisvinnar i kjemi, Paul Crutzen. I 2009 vart den internasjonale arbeidsgruppa

som skal vurdere om omgrepet bør bli del av den formelle geovitskaplege nomenklaturen, skipa. Grappa legg først fram rådet sitt i 2016, men ordet blir allereie mykje brukt i den vitskaplege litteraturen. Mange, inkludert Davor Vidas, finn det nyttig nettopp fordi det er så altomfattande: Det dekkjer ikkje berre klimaendringar, men heile den samla menneskelege påverknaden på planeten.

– Eg trur ikkje antropocen vil bli eit formelt juridisk omgrep, men det er nyttig for å skape merksemd kring dei problemstillingane vi uansett må ta tak i, anten omgrepet blir vitskapleg formalisert eller ikkje. Eg ser på det å skape merksemd, og å mobilisere juristar til å tenkje på desse samanhengane, som ein viktig del både av dette prosjektet og av aktivitetane mine framover, seier han. ■

Fridtjof Nansens Institutt

- driv forskning innanfor områda internasjonal miljø-, energi- og ressursforvaltingspolitikk.
- om lag 25 forskarar på full tid, med fagleg bakgrunn i mellom anna statsvitskap, folkerett, økonomi, historie og geografi
- omset årleg for om lag 30 millionar kroner
- er forskingsgreina til Fridtjof Nansenstiftelsen på Polhøgda, som vart etablert i 1958 for å forvalte heimen til Nansen, Polhøgda, og for å forskje innanfor interesseområda til Nansen